



Statens vegvesen

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 BERGEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Birgitte Kalleklev /
55516386

Vår referanse:
21/79544-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.06.2021

Uttale til planprogram for regional plan for klima – Vestland fylkeskommune

Vi viser til brev datert 20.04.2021 med planprogram og varsel om oppstart av regional plan for klima i Vestland fylkeskommune.

Saka gjeld

Regional klimaplan skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland for å nå målet om nullutsleppssamfunnet.

Planprogrammet legg opp til 5 plantema for å dekke Vestland sitt arbeid med klimaomstilling og berekraftig samfunnsutvikling:

- Redusere klimafotavtrykket
- Fjerne direkte utslepp
- Trygt og robust Vestland
- Klimarettferd og folkehelse
- Sikre naturmangfald

Vestland fylkeskommune ber særleg om tilbakemelding på følgande:

- val av plantema
- problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
- medverknad i planarbeidet
- andre relevante innspel i planarbeidet

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Statens vegvesens rolle i denne saka er som sektormynde.

Statens vegvesen sitt innspel til planprogrammet

Planprogrammet er godt gjennomarbeidd og gir gode føringar for det vidare arbeidet. Statens vegvesen stettar val av plantema og ser at vi kan bidra inn i arbeidet med fleire av desse. Vi ynskjer å delta i den vidare prosessen gjennom regional samarbeidsgruppe.

I nyleg vedtatt Nasjonal Transportplan for 2022–2033 er eit av hovudmåla å utvikle ein transportsektor som hjelper oss å nå Noregs klima- og miljømål. Målet er at utsleppa av klimagass frå transportsektoren skal halverast innan 2030.

I tildelingsbrev til Statens vegvesen for 2021 får vi våre styringssignal frå Samferdsledepartementet. Vi skal redusere klimagassutsleppa i tråd med ein omstilling mot eit lavutsleppssamfunn.

Vidare planarbeid

Statens vegvesen vil bidra i det vidare arbeidet og deltek gjerne i regional samarbeidsgruppe.

Transport vest – transportforvaltning 3
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleder

Hilde Kalleklev
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.